

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2024/5376-44

Saksbehandlar

Karoline Eide Holmedal

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2026/42	Formannskapet	04.06.2026

Utviding av skjenkeområde - eksisterande uteområde - Spritz AS

Innstilling frå kommunedirektøren:

Søknad om utviding av fast skjenkeløyve til også å gjelda omsøkt uteområde vert avslått.

Formannskapet si behandling i møte den 04.06.2026:

BEHANDLING:

Nytt framsett forslag frå Tove Lill Lakselv, Frp:

Søknad om fast skjenkeløyve til også å gjelda uteområdet.

Vilkår er at uteskjenkinga opphører kl 23.00

Det må etablerast skjerming mot hyttenabo.

RØYSTING:

Nytt framsett forslag vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Søknad om fast skjenkeløyve til også å gjelda uteområdet.

Vilkår er at uteskjenkinga opphører kl 23.00.

Det må etablerast skjerming mot hyttenabo.

Vedlegg:

- 1 Avgrensing utandørs skjenkeområde – Spritz (søknad 2026)
- 2 uteservering.jpg (omsøkt uteområde 2026)
- 3 Klagesak plutting - Statsforvaltar- endeleg avgjerd (vedtak 09.03.26)

- 4 Svar på brev fra kommunen.pdf (Nabomerknad 2026)
- 5 8a309a80-a3b9-42fd-b75e-f991a2d628a4.png (Støymåling nabo 2026)
- 6 IMG_4912.MOV (Støymåling nabo 2026)
- 7 Uttale - miljøretta helsevern (2026)
- 8 Spritz, Halsnøy, Kvinnherad kommune - Anmodning om uttale til søknad om uteservering.pdf (Politimerknad 2026)
- 9 Saksprotokoll Utviding av skjenkeområdet - uteservering- Spritz AS (vedtak 15.05.25)
- 10 Uttale (Politimerknad 2025)
- 11 Utgreiing vedrørende nabomerknad til søknad om.pdf (Spritz tilsvar nabomerknad 2025)
- 12 Merknadar til kommunen.pdf (Nabomerknad 2025)
- 13 Korrespondanse fylkeskommunen - Sæbøvikvegen 153. (2026)

Samandrag

Spritz AS har i dag fast skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk i heile 2.etasje i Sæbøvikvegen 153. Vedtak av 15.05.25 sat krav om «byggteknisk godkjenning» av platting for å få utandørs skjenkeløyve der. Oppføring av platting vart avslått av Statsforvaltar. Løyvehavar søkjer difor om skjenking på eksisterande uteområde.

Saksutgreiing:

Det er noko skilnad mellom denne søknaden (vedlegg 1-2) og søknaden som vart handsama av formannskapet 15.05.2025 (vedlegg 9). I 2025 vart det søkt om skjenkeløyve for *planlagd* platting med 150 cm høgt glasrekkverk utanfor inngangen til Spritz, avgrensa mot dåverande restaurant som hadde eigen inngang. Nå har Spritz overtatt drifta av restauranten i same bygg og det vert søkt om utandørs skjenking på heile området, altså eit noko større areal. Sidan løyvehavar fekk avslag på dispensasjonssøknad til å føra opp platting, skal skjenkeområdet utandørs nå avgrensast med stolpar med 2 horisontale wire.

Saksframlegget for handsaminga 15.mai 2025 vert lagt til grunn også for denne innstillinga, og må lesast på nytt før vedtak vert fatta (vedlegg 9). Utgreiinga under gjeld nye moment knytt til forskjellen mellom fast platting og eksisterande område utan opparbeiding.

Alkoholfagleg, både av omsynet til trafikktryggleik og nærliggjande nabo, ville det etter kommunedirektøren sitt syn vore betre om løyvesøkjjar hadde fått sett opp inngjerda platting med 150 cm høgt glasrekkverk og levegg mot nabo. På denne måten ville det vore lettare å kontrollera at gjestene haldt seg innanfor glasrekkverket, og mindre sannsynleg med farlege situasjonar knytt til at området ligg svært tett på ei 40-sone utan fartsdempande tiltak og med sikthindringar. Ein levegg ville også bidratt til at hyttenaboane ville fått noko skjerming mot innsyn.

I vedtak knytt til dispensasjon (byggteknisk godkjenning) skriv Statsforvaltaren mellom anna dette:

*«Vi er samde med utvalet og tiltakshavar i at eigedomen ligg såpass nær sentrum at trafikantar må rekne med ei viss mengde aktivitet og personopphald i området. Likevel endrar ikkje dette det grunnleggjande forholdet at **vegen er ei gjennomfartsåre med høg og varierende trafikk, der bilistar ikkje nødvendigvis forventar at folk oppheld seg berre få meter frå køyrebana. Det varierende trafikktrykket blir ytterlegare forsterka av ferjetrafikken på strekinga. Sjølv om staden er sentrumsnær, manglar området eit tydeleg gatepreg, og trafikantane har difor ikkje nødvendigvis merksemda tilpassa aktivitet så nær vegbana.***

Etablering av uteservering vil vidare føre til auka aktivitet og fleire personar langs vegen, inkludert personar i påverka tilstand. Vi er einige i at glasrekkverket kan ha ein viss avbøtande effekt, men dette endrar ikkje den samla risikovurderinga. Den korte avstanden til hovudvegen,

kombinert med risikoen knytt til uteservering og manglande gatepreg, medfører etter vår vurdering ei trafikktryggleiksmessig uheldig løysing.»

I Statsforvaltar si omgjerung av kommunen sitt vedtak om dispensasjon vert uteservering nært vegen rekna som ein risiko for trafikktryggleiken, i tillegg vert det vist til at oppføring av platting kan påverka drifta av vegen. Sjølv om alkoholloverket opnar for større grad av skjøn enn plan- og bygningslova sine reglar om dispensasjon, er omsynet til «trafikk[.]forhold» eksplisitt nemnd som aktuelt omsyn i vurdering av søknadar etter [alkohollova 1-7a. Kvinnherad sin alkoholpolitiske handlingsplan](#) seier at «ved tildeling av løyve til skjenking utandørs **skal det takast omsyn til naboar, offentleg ro og orden, og nærleik til sjø og trafikk**»(punkt 4.0). Planen «**skal vera styrande for handsaming av søknadar knytt til alkohol og gjev reglar for korleis dei ulike løyva skal praktiserast i løyveperioden 01.10.24- 30.09.28**»(punkt 1).

Utviding av fast skjenkeområde til også å gjelda eksisterande uteområde 2,1 meter frå trafikkert fylkesveg utan fartshindringar med vidare, er etter kommunedirektøren si vurdering ikkje i samsvar med kommunen sin handlingsplan.

Nye moment frå nabo

Nabo viser til merknad datert 29.04.25 (gjennomgått i 2025-saksframlegg) og kjem med nye merknadar knytt til drifta det siste året. Dei viser til støyplager heilt fram til stengetid kl.02 og legg ved ei desibelmåling nyleg utført av dei sjølve. Det vert stilt spørsmål til kva støynivå som er tillat ved utestadar i kommunen, om dette er tatt omsyn til i handsaminga og ynskjer at formannskapet kjem på synfaring under eit arrangement for å få inntrykk av korleis det er. Vidare vert det vist til at det er ynskjeleg at støyvegg vert sett opp *før* uteserveringa tar til, og at denne må spesifiserast for å sikra tilstrekkeleg skjerming mot både støy og innsyn. Som også påpeika i 2025 vil redusert skjenketid utandørs avbøta ulempene noko.

Det er innhenta uttale frå miljøretta helsevern (vedlegg 7), som viser til ein rettleiar for støynivå hjå Helsedirektoratet. Det er ikkje gjort uavhengige målingar.

Eventuelle vilkår

Saksframlegget frå 2025 gjennomgår vilkår som er moglege å setja *dersom* søknad om fast skjenkeløyve utandørs vert innvilga. Støygjerde og redusert skjenketid utandørs er særleg aktuelle her.

I 2025 vart det lagt til grunn at eventuelle trafikktryggingstiltak vart del av byggesaka, ved at det vart sett vilkår om byggteknisk godkjenning. Sidan plattingen er avslått, har det ikkje blitt gjort endringar knytt til vegen. Aller helst skulle det vore sett opp fartshumpar som eit minimum, men dette er det naturlegvis fylkeskommunen som har ansvar for. Sektor teknikk og miljø har som vedlegg 13 syner, vore i korrespondanse med fylkeskommunen om avbøtande tiltak. Om løyve til uteservering vert gitt, kjem fylkeskommunen til å få tilsendt kopi av vedtak slik at dei kan vurdere eventuelle tiltak.

Det som søkjar har høve til, og som det etter kommunedirektøren bør setjast vilkår om, er at dei *før* uteserveringa tar til må [søkja om oppsetting av serviceskilt](#) for å synleggjera drifta og ta kostnadane med dette. Eit slikt skilt vil kunna ha ein viss fartsenkande effekt.

Konklusjon:

Etter kommunedirektøren si vurdering talar både omsynet til trafikktryggleik og nærleiken til nabo mot å innvilga søknaden. Om formannskapet gjev fast skjenkeløyve bør det setjast vilkår for å i størst mogleg grad ivareta omsynet til trafikktryggleiken og nabo.